

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

Mai 1986

40. årgang

### PINSE



Kved opp, Guds folk, syng høgt i kor!  
No er det kvitsunnhelg på jord.  
Guds Ande kjem med heilag glo,  
kved opp, Guds folk, med helgaljod!

Han til si kyrkje enno kjem  
som fordøm i Jerusalem.  
Han kjem uti sin heilagdom  
til alle som gjev honom rom.

Kom, livsens Ande, dauden driv!  
Og fød oss i ditt eige liv!  
Kveik opp din kjærleik i vår hug,  
og styrk oss med din eigen dug!

Vårt hjarta utan deg er daudt,  
som turre landet audt og snautt,  
som åre utan eld og glo,  
som harpe utan mål og ljod.

Kom ned med liv i aude land!  
Kom ned med glo i slokna brann!  
Kom ned som sol på frosne eng!  
Kom ned som ljod på tagna streng!

Kom ned til oss med tunge ny,  
så lovsong stig frå bygd og by,  
til med ditt englekor eingong  
me syngja skal den nye song!

Elias Blix

## KJÆRE KONFIRMANTAR

Av og til er det som om hovudet vårt er reint for lite. Det var så mykje kunnskap vi gjerne skulle hatt plass til. Men det er ikkje så godt å få det inn i hovudet, alt saman...

No i konfirmasjonstida har vi freista å gje dykk kunnskapar om den kristne trua. De har lese på bodord og trus-artiklar. Og vi har snakka saman om kva Bibelen vil seia oss. De greier nok ikkje å hugsa alt det vi har snakka om.

Men elles i livet nyttar vi ein "hugselapp" når det er noko vi må hugse. Her skal de få ein liten hugselapp av oss. Det står berre ein ting på han. Men det er til gjengjeld det viktigaste av alt.

Denne hugselappen står i Bibelen, og den lyder såleis: "Kom Jesus Kristus i hug, han som har stått opp frå dei døde".

Sjølv om de skulle gløyma mykje av det vi har snakka saman om, så gløym ikkje Jesus. Han lever i 1986 òg, og "alle som tek imot han, dei gjev han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans".



Vi ynskjer dykk lukka til med livet vidare. Vi ynskjer dykk det beste av alt: Eit liv med Jesus Kristus - han som har stått opp frå dei døde!

Inge Chr. Meidell Kjell Arne Norum

### Tennes og Stine



## ROCKEMUSICALEN RITA



Biletet er teki frå Hordaland

1. mai hadde ungdomskoret KEY premiere på rockemusicalen RITA i gymnastikksalen på Dale ungdomsskule. Musicalen samla full sal ved begge framføringane, og skal ein døma etter publikum sine reaksjonar, vart musicalen ein suksess.

Det er den dugande leiaren for KEY, Norodd Dyrhovden, som har laga alle arrangementa, og vidare mesteparten av tekstane og melodiane til musicalen. Sjølvve idéen bak syngjespelet er å syna kor vanskeleg det er for ein ungdom å velja mellom eit verdsleg og eit kristeleg ungdomsmiljø.

Hovudpersonen, Rita, har vener i begge leirar, og dette fører til at ho prøver å gjera alle til lags. Etter ei stund føler ho at det verdslege miljøet ikkje gjev henne noko. Ho vil gjerne verta ein kristen, men korleis vert ein det? - Her kjem dei kristne venene henne til hjelp, og handlinga sluttar med at Rita vert ein kristen.

Alle som var med på framføringa, kom vel frå oppgåva si. På scena vart dei ulikerollene tolka på ein fin og naturleg måte, og det var ein styrke for framsyninga at aktørane brukte dialekt.

Reidun Laastad Dyvik (instruksjon) og Oddny Kallestad (altmogeleg-kvinne) gjort eit kjempearbeid.

Kva kom det ut av musicalen? Først og fremst vart budskapet om Jesus klart og tydeleg boren fram for omlag 500 menneske. Deretter fekk me sjå kva ungdomen her i kommunen verkeleg kan få til når dei går inn for noko. Det prova dei til fulle!

Hovudkoret song reint og fint, og ved å variera tonestyrken gav ein melodiane meir liv. Nede på golvet stod fire korjenter som verkeleg heva framsyninga, både når det galdt koring og solistroller. Orkesteret batt det heile i hop på ein framifrå måte, og synta at dei beherskar ulike stilretningar innan rock. Nærmast må også lyd- og lysteknikarane, som gjorde sitt til at framsyninga vart vellukka.

At det ligg eit kjempearbeid bak denne rockemusicalen, er ikkje vanskeleg å skjønna. Alle som har vore med, fortener sin del av ara for dette, men den største buketten må likevel gå til Norodd, som har stått på i over eit år for å få dette til. Vidare har



## Sommer- leirer 1986

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

Vel møtt til sommarleirar i Sætervika! Sætervika er ein idyllisk leirplass, som ligg fint til ved Samnangerfjorden.

20.-23. juni,	10-12 år	
23.-25. juni,	8-10 år	
25.-28. juni,	10-12 år	
30. juni-		
3. juli,	10-12 år	
3.- 7. juli,	12-14 år	
21.-27. juli,	9-14 år	Ferieleir
1.- 6. august,	9-14 år	Ferieleir
11.-16. august,	over 14 år	Interesseleir

Fleire opplysningar hjå  
NLM,  
C. Sundtsgt. 2,  
5000 BERGEN

DET NORSKE MISJONSSKAP

FAMILIELEIR PÅ KVAMSSETER  
4.-8. juli

BESTEFØRELDRE- OG BARNEBARNLEIR  
13.-17. august

SOMMARFERIER FOR ELDRE PÅ KVAMSSETER  
6.-16. juni  
5.-10. august  
26.-31. august

Fleire opplysningar hjå  
NMS,  
Ø. Korskirkealm. 9,  
5000 BERGEN

Har du planane for sommaren klare?  
Har du alt tenkt å reise på leir?  
Ikkje det?  
- Det er ikkje for seint enno å melda seg på ein av sommarens mange leirer.

Kyrkjebladet har fått tilsendt ein del opplysningar om leirtilbod, og vil kort presentera dei her.



NORDISK OASE 86  
"UNDER EN ÅPNET HIMMEL" 9.-13. juli

Nordisk OASE 86 vil trolig samle 7-8000 mennesker i Gimlehallen i Kristiansand. Et fornyet kristenliv og utrustning til tjeneste vil som før stå i fokus for forkynnelsen. Blant talerne på kveldsmøtene er den kjente biskopen Festo Kivengere fra Uganda, leder av Sjelesorghjemmet i Oslo Kjell Petter Dahl, og den svenske biskop Bertil Gärtner.

Bibeltimene holdes av daglig leder i OASE-bevegelsen Jens-Petter Jørgensen, og av biskop Erling Utne. Det vil i år bli avholdt 22 ulike seminarer, hvor temaer som bønn og fornyelse, misjon og evangelisering og diakonalt og sosialt engasjement tas opp. For tenåringene blir det en egen OASE i OASEN, hvor bl.a. Solveig Leithaug deltar. For barn blir det egne tilbud tilpasset de ulike aldersgrupper. Det er helt nødvendig å melde seg på for å få delta på OASE 86. Brosjyre med påmeldingsslipp kan bestilles fra OASE, Gen. Birchsht. 28, 0454 Oslo 4.

## Til nattverd - eg?



Det er ein del som er redde for å gå til nattverd fordi dei ikkje er verdige til det. Kan henda dei og har høyrte ein prest eller predikant åtvara dei mot uverdige nattverdsfeiring, og difor vågar dei ikkje å gå.

Men i Bibelen står det ikkje eit ord om at vi må vera verdige. Det står berre at når vi tek del i nattverden,

skal det skje på ein verdig måte. Det vil seia: At ein skal hugsa på at nattverden er eit møte med Jesus Kristus, og ikkje berre eit vanleg måltid.

Faktisk er det slik at nattverden er skipa til nettt for dei uverdige. Dersom du går til nattverd fordi du synest at du er verdig - da har du misforstått. Jesus sa jo: "Det er ikkje dei friske som treng lækjar, men dei sjuke. Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar."

Dersom du veit med deg sjølv at du har bruk for Jesus, så kan du og bør du gå til nattverd.

Kjell Arne Norum

## Konfirmantfest

Glimt frå Konfirmantfesten -86 på Stanghelle bedehus 17. april. Her møttest årets konfirmantar frå Dale og Stanghelle, foreldre og 4 av 60-årskonfirmantane til ei fin feststund.



60-årskonfirmantane  
Øivind Vatle, Hanna Hesjedal, Brita Farestveit,  
Håkon Helle





# BARNESIDE



## JESUS SEIER: FØLG MEG

Ein dag gjekk Jesus langsmed Galileasjøen. Då såg han Peter og broren, som heitte Andreas. Dei var fiskarar. No heldt dei på å kasta ei not i sjøen.



Jesus stansa der og snakka med dei.

Du hugsar kanskje kva Jesus sa til dei? Vi kan lesa om dette i fleire av bøkene i Bibelen, bl.a. Matt. 4, 18-20. "Kom og følg meg", sa Jesus. Eg synes det er fint å lesa om kva dei gjorde når Jesus sa dette. Dei følge Jesus. I vers 20 står det: "Då gjekk dei beint frå notene sine og følgde han". Dei kom ikkje med unnskyldningar om at dei hadde det travelt, og at Jesus måtte venta til seinare. Dei følgde Jesus med ein gong då han bad dei. Det gjorde dei rett i. Eg trur ikkje dei angra på det.

I dag er det oss Jesus vil snakka med. Han seier det same til oss og: "Kom og følg meg". Kva vil du svara på eit slikt spørsmål? Håpar du gjer som Peter og Andreas gjorde: følgjer Jesus.

Eg kan ein sang som handlar om dette:

Ja nå vet jeg hva jeg vil  
jeg vil følge Jesus.  
La meg si det en gang til:  
Jeg vil følge Jesus.  
Ingenting å lure på  
for jeg har bestemt meg nå.  
Jeg vil følge Jesus, jeg vil følge Jesus.



Hei!  
Her er ei lita oppgåve i dag og. Du må sjå godt på teikningane før du skriv svara i kryssordet. (Framgangsmåte: teikning 1 høyrer til 1 i kryssordet)  
Lykke til!

Reidun Skurtveit

## Litt av hvert

### Fasteaksjonen 1986



"Brød for verda" er den årvisse aksjonen i fastetida. Vaksdal sokneråd, som står for innsamlinga, har gjennom fleire år brukt posten til å bringa fastebøssene ut til alle husstandar som har Vaksdal som postadresse.

Før om åra har innsamlinga vore i ei gudstenesta før påske. Problemet har vore at alt for få bøsser kom inn på den måten. I år vart det difor vedteke at bøssene skulle samlast inn ved ein "dør til dør"-aksjon. Folk frå Husmorlaget, Helselaget og Soknerådet tok på seg arbeidet med innsamlinga. Dette gav eit resultat på kr.16.443,- Gjennomsnitleg vert dette nær kr.34 pr. husstand. Dette viser at folk i Vaksdal sluttar godt opp om Kirkens Nødhjelp sitt arbeid mellom dei som treng det aller mest. Soknerådet vil med dette senda ein varm takk til alle som støtta aksjonen. I dei hjelpeprosjekta som Kirkens Nødhjelp arbeider med, skyt NORAD inn 80% av kostnaden. Desse 16.443 kr. frå Vaksdal vert dermed auka til kr. 82.215 i hjelpearbeidet. Til sist ei hjarteleg takk til dykk som så viljug stilte opp og var med og samla inn pengane. Utan dykkar innsats hadde ikkje "dør til dør" -aksjonen vorte noko av.

Vaksdal Sokneråd

### Fitjavass – stemnet

Det er gamal tradisjon at samningar og vaksdalingar set einannan stemne på Nordvika-setra ved Fitjavatnet i juni. No er det over 80 år sidan det første stemnet. Og det er med stor glede vi oppmodar folk til å møta fram og vera med å halda denne tradisjonen i hevd.

I år er stemnet lagt til søndag 22. juni. Vi møttest ved Koop'en kl.10.00. Dei som har plass i bilane, tek med dei som ikkje har bil. Vi kjører til Langhelle og går derifrå. Det vert gudsteneste kl.12.00 ved Kjell Arne Norum. Seinare vert det kokt kaffi, og det vert ein pause med høve til både prat og leik før ettermiddagsmøtet.

### Konsert/gudsteneste i Dale kyrkje

Vi vil gjera særskild merksam på det som skal gå føre seg i Dale kyrkje søndag 15. juni kl. 18.00. Då vert det kombinert konsert og gudsteneste i samband med Songens og musikkens dag. Inge Chr. Meidell forrettar. Piran mannskor frå Jugoslavia vitjar oss og syng saman med Dale mannskor.

### Har du bil?

Ta andre med deg  
når du køyrer til  
kyrkje!!!



### Gåve til orgelet

Vi er sær takksame for ei anonym gåve på kr. 3000,- som er gjeve til nytt orgel i Vaksdal. Det kjem vel med. Samstundes minner vi om bankgiro-nimmeret til orgelfondet: 3500.67.10113



**MENIGHETSSEMINARENE  
I NORGE**

## Kirkelig utdanning

### i fokus

Ett forhold synes det å herske stor enighet om i kirkelige kretser: Våre menigheter trenger flere medarbeidere!

Dette er egentlig både utfordrende og inspirerende. For det er jo et klart uttrykk for at vi stadig står overfor de mange muligheter og viktige oppgaver som venter på å bli tatt opp.

Et viktig og interessant trekk i utviklingen av det kirkelige reformprogram er at stadig mer myndighet blir overført til lokalmenighetens egne organer. Dette er i seg selv en uhyre spennende og stimulerende prosess. Den vil kunne utløse nye ressurser og gi ny vekst.

Men nettopp i en slik prosess vil behovet for dyktige medarbeidere melde seg med stadig økende styrke. Det vil gjelde feltarbeidere i nær sagt alle sammenhenger. Men det vil også vise seg å bli et stadig større behov for medarbeidere som kan ta hånd om de administrative oppgaver i menigheten, - folk som er trent i saksforberedelse, budsjetter og regnskap og personalforvaltning.

Det kan ikke være noe mål at alt arbeid i en menighet skal gjøres av lønnede spesialister. Tvert imot ønsker vi at menigheten skal fungere som et levende, arbeidende fellesskap, der alle skal være med å vitne om det nye livet vi har fått del i. Bare slik kan alle bli nådd. Men når en menighet vokser, trenger vi også ut-

dannede og trenede folk som kan gå inn i de spesielle tjenester. Og undersøkelser viser at vi trenger mange av dem, faktisk flere hundre. Derfor blir den fremtidige utdanning av medarbeidere en viktig sak på den kirkelige dagsorden.

I snart 20 år har Menighetsseminaret vært med å utdanne menighetsarbeidere. Og vi tror at denne oppgaven stadig vokser i viktighet. Det er derfor vi ønsker å nå frem til flest mulig med tilbudet om trening og utdanning.

De som gjerne vil vite mer, ber vi vende seg til Menighetsseminarene i Norge, Collettsgt. 43, 0456 OSLO 4

Eilert Dæhlin

## Skrivmaskina mi


Skrivmaskina mi gjxv for dxt mxste ganskx pnxn manuskript, når xin sxx bort frå xin xinskild typx. Nokrx gongar synxst xg at kyrkjlydxn hxx minnxx mistxnxkxlxg om skrivmaskina: Allx lxxmxxnxx arbxidar ikkjx likk xffxktivt. Kan hxndx sxixr du: "Vxl, xg xr bxrrx xit xinskild mxnxxskx, dxt kan ikkx spxla nokon størrx rollx kva xg gjxr xllxr ikkjx gjxr." Mxx sakxx xr at dxrsom kyrkjlydxn skal fungxra xffxktivt, vxrt dxt krxvd nxrgisk arbxid frå kvar xinastx lxm, kvar xinastx typx.

Så nxstx gong du sxixr at din innsats ikkjx trngst, må du txnkja på skrivmaskina mi og sxia til dxg sjølv: "Xg xr xin sær vxsnxlxg typx og xr bxstxmt til å gjxra xit vxrdxfullt arbxid i kyrkjlydxns txnxstx".

## Konfirmasjon i Vaksdal kyrkje 4. mai 1986



Janne Halland  
Vibekke Kristin Halleland  
Wenche Hammer  
Marit Herfindal  
Gunnhild Karlsen  
Kjersti Thomassen  
Kari Anne Tolås  
Ivar Eilifsen  
Rune Eilifsen  
Geir Åge Frotveit  
Kjetil Furubotn  
Terje Hvidsten  
Torben Lindholm  
Jan Erik Pahlm  
Svein-Inge Samuelson  
Jim Stavenes  
Sveinung Sæterdal



## Frå kyrkjebøkene

### Døpte



#### DALE

09.03. Kenneth Langhelle  
27.04. Rune Kristoffer Heimdal  
Dalseid  
" Marius Kvamme Tollefsen  
" Kristina Birkeland  
13.04. Maria Langhelle

#### BERGSDALEN

27.03. Nina Bergho

#### EKSINGEDALEN

06.04. Anita Furevikstrand

#### VAKSDAL

15.03. Gard Laastad  
" Ståle Laastad  
30.03. Leila Faugstad Oweineh

### Avlidne



#### STAMNES

12.03. Gunnar Strømme f.1923  
15.04. Anna Vassenden f.1900

#### VAKSDAL

05.03. Anna Trettenes f.1915  
16.03. Nils Lokøy f.1901  
20.03. Ole K. Johnsen f.1903  
27.03. Oline Sofie Magnussen f.1891  
04.04. Maria Torkildsen f.1902  
08.04. Gunvor Tolås f.1924

### Vigde



#### STAMNES

Svein Tøsse og Ingebjørg Vik  
Vigde i Voss kyrkje 19.04.

## PROSTIMØTE

på Helgatun Ungdomsheim, Vossestrand  
31. mai - 1. juni 1986

#### PROGRAM:

##### Laurdag 31. mai :

Kl. 14.30 : Samling ved kaffibordet  
Kl. 15.00 : Opning v/form. i prostirådet  
Lasse Vassenden. Andakt v/prosten.  
Kl. 15.30 : Undervisningskonsulent Eirik Endresen:  
Soknerådet sitt åndelege ansvar: Kristen under-  
visning og oppseding. Samtale.  
Kl. 17.00 : Pause.  
Kl. 17.30 : Diakonikonsulent Odd Henry Vidareid:  
Soknerådet sitt åndelege ansvar:  
Kristen omsorg. Samtale.  
Kl. 19.00 : Kveldsmat.  
Kl. 20.00 : Gruppesamtalar  
Kl. 21.00 : Lovsongkveld.

##### Sundag 1. juni:

Kl. 8.30 : Frukost  
Kl. 9.00 : Aktuell informasjon. Hjemmenes dåpsring.  
Bibelen ut til alle.  
Kl. 11.15 : Høgmesse i kapellet v/prost Østveit og sokne-  
prest Kjell Nese. Nattverd.  
Offer til prostirådet sitt arbeid.  
Kl. 13.00 : Middag. Avslutning ved middagsbordet.

Prostimøte er fellesmøte for alle sokne-  
råd i Hardanger og Voss prosti. Kvart  
sokneråd bør syta for at minst to utsend-  
ingar representerar soknerådet på møtet.  
Dette møtet er slege saman med det andre  
kurset bispedømerådet emna på for infor-  
masjon til dei nye lemer av sokneråda.  
Møtet er ope for alle som er engasjert i  
offentlig eller frivillig arbeid i kyrkje-  
lydane våre.  
Opphaldet på Helgatun kostar kr. 235,- for  
overnatting og alle måltid. Det er høve  
til å betale for einskilde måltid dersom  
ein ikkje er med på heile møtet.  
Påmelding til Helgatun Ungdomsheim,  
Vossestrand, innan 24. mai, tlf. 52 27 68

Hardanger og Voss prostiråd.

## VELKOMEN TIL KYRKJE



#### 17. mai - Grunnlovssdag

DALE kl.10.00 v/sp. Meidell. Offer  
til Misjon bak jernteppet. Kyrkje-  
skyss.  
VAKSDAL kl.9.30 v/rk. Norum.  
Offer til søndagsskulen lokalt.  
STAMNES kl.12.00 v/sp. Meidell.  
Offer til Redd Barna.  
EIDSLAND kl.11.30 v/rk. Norum.  
Offer til Redd Barna.

#### 18. mai - Pinsedag

DALE kl.11.00 v/rk Norum. Nattverd.  
Offer til Santalmisjonen.  
Kyrkjestyss.  
EKSINGEDALEN kl.16.00 v/sp. Meidell.  
Nattverd. Offer til nytt orgel.

#### 19. mai - 2. pinsedag

VAKSDAL kl.11.00 v/sp. Meidell.  
Nattverd. Offer til Nordhordland  
indremisjon og bibelskulen på Bildøy.  
BERGSDALEN kl.11.00 v/rk. Norum.  
Nattverd. Offer til Norsk misjon  
blant hjemløse.

#### 25. mai - Treeiningssøndag

NESHEIM kl.11.00 Konfirmantgudsten-  
este v/rk Norum. Offer til Det nor-  
ske misjonsselskap. Kyrkjestyss.  
BERGSDALEN kl.11.00 Konfirmantguds-  
teneste v/sp. Meidell. Offer til  
Samemisjonen - leirstaden Fagertun.

#### 1. juni - 2. søndag etter pinse

DALE kl.19.00 v/sp. Meidell.  
STAMNES kl.18.00 v/rk Norum.  
Nattverd. Offer til Den norske sjø-  
mannsmisjon.

#### 8. juni - 3. søndag etter pinse

STANGHELLE kl.17.00 v/sp. Meidell.  
VAKSDAL kl.11.00 Familiegudsteneste  
v/rk. Norum. Utdeling av "Vi går i  
kyrkja" til 1. klasse. Offer til  
Norges kristelige ungdomsforbund.

#### 15. juni - 4. søndag etter pinse

EIDSLAND kl.11.00 v/sp. Meidell.  
Nattverd.  
DALE kl.18.00 v/sp. Meidell.  
Gudsteneste med konsert i samband  
med Songens og musikkens dag.  
EKSINGEDALEN kl.11.00 v/rk. Norum,  
i samband med stemne på Fagertun.

#### 22. juni - 5. søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.00 v/sp. Meidell.  
STEMNE VED FITJAVATNET.  
Res.kap. Norum vert med, og vi møtest  
med folk frå Samnanger.

#### 29. juni - 6. søndag etter pinse

STAMNES kl.11.00 v/rk. Norum.  
VAKSDAL kl.19.00 v/rk. Norum.

#### 6. juli - 7. søndag etter pinse

NESHEIM kl.16.00 v/rk. Norum.  
DALE kl.11.00 v/rk. Norum.

forts. neste side

VELKOMEN TIL KYRKJE forts.

13. juli - 8. søndag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/prost Fjose.  
VA SDAL kl.11.00 v/rk. Norum.

20. juli - 9. søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.00 v/rk. Norum.  
EIDSLAND kl.17.00 v/rk. Norum.  
DALE kl.19.00 v/prost Fjose.

27. juli - 10. søndag etter pinse

STAMNES kl.11.00 v/sp. Meidell.  
VAKSDAL kl.19.00 v/prost Fjose.

## Fellesskap av kvinner og menn i kyrkjelyden

Ei arbeidsgruppe i bispedømerådet vil arrangera eit seminar i Bergen. Emnet er: FELLESSKAP AV KVINNER OG MENN I KYRKJELYDEN.

Tid: 23-24 mai

Stad: Ynglingeforeningen,  
N. Korskirkealm. 4

Nærare opplysningar får ein ved sokneprestkontoret på Dale.



### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
Inge Christian Meidell  
tlf. 596120

Res. kap.:  
Kjell Arne Norum  
tlf. 597088

Hugs, måndagen er presten  
sin fridag!  
Kontorassistenten kan  
treffast på kontoret på  
Dale måndagar kl 18-22  
tlf. 596120



## HUGS ...

stoff til neste nummer av bladet  
må vera hjå bladstyraren  
seinast 26. juni.

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 45,- (eller meir!)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597201

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597232

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese